

## Revidering av handlingsplan i kommunedelplan for helse og omsorg

### Kva er eit planprogram?

Eit planprogram er eit dokument som fastset rammene for ein planprosess, ofte i samband med utarbeiding av ein reguleringsplan eller kommuneplan. Det skildrar formålet med planarbeidet, kva problemstillingar som skal utgreiaast, og korleis medverknad frå røyrte partar skal gjennomførast. Planprogrammet gir også ein framdriftsplan for arbeidet og fastset kva for konsekvensutgreiingar som er naudsynte. Det sikrar at alle viktige tema blir belyst, og at prosessen blir gjennomført på ein strukturert og open måte.

### Innleiing

Kommunedelplan for helse og omsorg er eit overordna styringsverktøy for utvikling av sektor helse og omsorg i Herøy. Planen tek føre seg korleis kommunen bør møte utfordringar som til dømes forventa auke i tal eldre, mangel på tilgjengeleg arbeidskraft, nasjonale og lokale utviklingstrekk for helse og omsorgstenester gjennom heile livsløpet.

Den viser også eit viktig taktskifte i ressursinnsats; frå reperasjon og behandling, til førebyggande arbeid på nye tenesteområde, tidleg innsats og ei meir aktiv pasient- og brukarrolle.

### Føremål med planarbeidet

Herøy kommune sin helse og omsorgsplan er gjeldande i perioden 2019 - 2027, med handlingsplan for perioden 2019 - 2022. Fleire av tiltaka i handlingsplanen er no gjennomført, og det er behov for ei revidering av tiltaka for å nå målsettingane knytt til satsingsområda. Denne revideringa er såleis avgrensa til å kun gjelde handlingsdelen av kommunedelplanen. Visjon, målsettingar og satsingsområda i kommunedelplanen står seg framleis godt og ein ser ingen behov for ei revidering av heile planen.

### Planomgrep

Kommunedelplanar er planar for bestemte område, tema eller verksemdsområde som skal konkretisere kommuneplanen sin samfunnsdel og handlingsdelen. Handlingsdelen til kommuneplanen er no slått saman med budsjett og økonomiplanarbeidet.

Føremålet med planar er at dei skal påverke dei avgjerslene som vert fatta dagleg.

Kommunedelplanane skal gi sine føringar til økonomi og budsjettarbeidet som vert gjennomført årleg der ein både foreslår driftstiltak og investeringstiltak.

I arbeidet med budsjett og økonomiplan må ein sjå om der er nye eller endra behov og føresetnadar slik at planane ikkje vert uaktuelle som styringsdokument.

Budsjett og økonomiplanen vert vedteken årleg av kommunestyret.

Kommunedelplan for helse og omsorg er eit overordna politisk og administrativt verktøy, som skal fungere som eit heilskapleg og solid fundament for ei langsiktig og berekraftig helse- og omsorgsteneste i Herøy.

Kommunedelplanen sin handlingsdel gjeld for ei kortare periode, og er difor meir konkret. Handlingsdelen presiserer kva tiltak kommunen skal gjennomføre for å nå målsettingane i planen.

## Målsetting for planarbeidet

- revidere tiltak for å nå målsettingane i dei ulike satsingsområda
- sikre eit oppdatert planverk, som er eit overordna politisk og administrativt verktøy, og som skal fungere som eit heilskapleg og solid fundament for den langsiktige og berekraftige helse og omsorgstenesta i Herøy

## Nasjonale forventingar

Det er gjort greie for [nasjonale forventningar for regional og kommunal planlegging](#) i Herøy kommune sin [planstrategi for 2024-2027](#).

## Regionale planar og føringar

Møre og Romsdal fylkeskommune sin [regional planstrategi 2025-2028](#) beskriv dei viktigaste utviklingstrekka, utfordringane og planspørsmåla i fylket.

Fylkeskommunen tek utgangspunkt i nasjonale mål og rammer, men legg vekt på regional og lokal tilpassing av dei nasjonale føringane.

Det er gjort greie for regionale planar og føringar i Herøy kommune sin planstrategi for 2024- 2027.

## Planstrategi 2024 - 2027

Herøy kommune sin planstrategi vart vedtatt i kommunestyret 27.06.24. I planoversikta ligg revisjon av handlingsdelen av kommunedelplan for helse og omsorg i 2024.

I planstrategien vert desse punkta drege fram som særleg utfordrande i Herøy kommune:

### Tema: Demografisk utvikling

- Vi står overfor ei framtid med nedgang i folketalet og ei aldrande befolkning.
- Talet på åleinebuande aukar.

### Tema: Næringsliv og kompetanse

- Det er store skilnadar i inntektene mellom kvinner og menn, og om lag halvparten av kvinnene i Herøy arbeider deltid.

### Tema: Levekår og folkehelse

- Det er meir vanleg med overvekt og fedme i Herøy enn i resten av landet.
- Prosentdelen 17-åringar som oppgjer at dei trenar sjeldnare enn ein gong i veka er høgare enn landsnivået.
- Psykiske symptom og lidningar aukar.
- Mange har muskel- og skjelettplager i kommunen.
- 8,9 prosent av innbyggjarane i Herøy lever i ein husstand med vedvarande låginntekt.

## Kommunale planar og føringar

Samfunnsdelen fremtar tre gjennomgåande perspektiv som også vil vere sentrale for kommunedelplan for helse og omsorg. Dette er;

- Livsmeistring - *Livsmeistring skal fremje god psykisk og fysisk helse og gjere at du som innbyggjar i stand til å ta ansvarlege livsval.*
- Likestilling – *Vi skal arbeide for at likestilling er eit perspektiv som vert praktisert i all kommunal verksemd og prinsippet skal gjelde i alle saker.*
- Berekraft - *Gjennom å ivareta berekraftsperspektivet i den kommunale forvaltinga skal kommunen strekke seg etter å nå FN sine berekraftsmål.*

Samfunnsdelen har også følgjande målsettingar under satsingsområde Heilskapleg utvikling:

- *Levere gode tenester med god kvalitet til alle innbyggjarane*
- *Fagmiljøa skal vere attraktive nok til å tiltrekke seg den arbeidskrafta det er behov for.*

- Kommunen vil vere innovative ved å ta i bruk ny teknologi innan helse- og omsorgssektoren og i grunnskulen

Budsjett og økonomiplan peikar på kor viktig det er å prioritere førebyggande tiltak, som kan førebygge meir kostnadskrevjande behov høgare oppe i innsatstrappa.

Tradisjonelt har det vore utfordrande å prioritere førebyggande tiltak som kan ta ned kostnadsauken på sikt. Helsepersonellkommisjonen sin rapport, "tid for handling", er tydelege på at omprioritering i den heilskafelege innsatstrappa må til for ei bærekraftig helse- og omsorgsteneste.

### Planprosess og opplegg for medverknad

For å sikre medverknad frå alle røyrt partar vert det lagt opp til medverknad gjennom

- Questback til tilsette, brukarutval og politiske utval
- Gjennomgang av utkast med tillitsvalde, brukarutval og politiske utval

Planprosessen fyl plan og bygningslova, og er ein lang prosess med mange steg. Prosessen skal sikre at dei som blir røyrt av planen får moglegheit til å kome med si mening. Det er soleis ikkje behov for å leggje til rette for medverknad ut over det vi har planlagt og plan- og bygningslova sine prosessreglar.

### Framdriftsplan

Når	Kven	Kva
	Adm.helse og omsorg	Utarbeide forslag til planprogram
23.10.24	Formannskapet	Vedtak om oppstart
30.10.24 - 11.12.24	Opent for innspel til planprogram	Høyringsperiode
Januar 2025	Utval for helse og omsorg	Politisk sak om stadfesting av planprogram.
Januar –februar 2025		Innspelsrunde
Februar 2025	Adm.helse og omsorg	Utarbeide ny handlingsdel
Mars 2025	Brukarråd, politiske utval og formannskap.	Politisk sak med revidert handlingsdel og vedtak om utlegging til offentleg ettersyn.
21.03.2025-02.05.2025	Opent for innspel til revidert handlingsdel.	Høyringsperiode av revidert handlingsplan

Mai-juni	Adm.helse og omsorg	Justering av planforslag etter offentleg ettersyn
Juni 2025	Kommunestyret	Vedtak av revidert handlingsdel